



...OG BLI INSPIRERT!



Lat att augo.

Sjå for deg draumehytta.
Vener og familie rundt bordet.
Rubinraud vin som funklar i karaffelen.
Stearinljøs som blaftrar venleg. Knitrande
varme på peisen. Alt dette omslutta av
solide, lune og varmande tømmerveggar.
Akkurat så herleg kan hyttelivet vera.
Velkomen til eit inspirerande besøk
hjá Haukeli hytter og hus.



Legg merke til «HHH-rosa».
Ho symboliserer vår lange
tradisjon innanfor faget, der
kvalitet og nøyaktig utføring
gjev deg tryggleik i alle ledd.

Vi er stolte av å kunne
by deg det vesle ekstra.

Rom for lys





Laft og stavlaft er vår kjernekompetanse. Moderne lafteteknikk, forankra i vår tradisjonsrike kulturarv, sikrar solide bygg med lafteknutar av høg kvalitet. Bransjestandarden, utvikla av Norsk Laft (www.norsklaft.no), set strenge kvalitetskrav til tømmer og råmaterial. Våre tilsette har god fagkunnskap og praktisk sans og tryggar kvalitet og service i alle ledd. Moderne lafteteknikk og nytenking gjev dei lafta bygga til HHH ein moderne og spennande vri.

Når tradisjon møter teknikk...





Alle har sjølvsagt ulikt syn på kva vi skal leggje mest vekt på av komfort, plass, utforming eller utsmykking. Alternativa er mange og avgrensingane er få. Gjennom forståing, tillit og gjensidig respekt, guidar me dykk gjennom alle dei viktige avgjerslene de skal ta når de vil investere i hyttedraumen.

ALT ER MOGLEG



På tide å nyte



Inviter naturen inn...



I HARMONI MED NATUREN

Bygger de i tømmer, bygger de i pakt med naturen. De får eit bygg som er i harmoni med omgjevnadene. Det viser at de trur på det generasjonar har lært oss om inne-

klima, rasjonell oppvarming, trivsel og velvære.

Om de vel eit lafta tømmerbygg, byggjer de for fleire generasjonar.

Vi leverer hytter, hus, anneks, garasje eller det du måtte ønske, enten som råbygg, byggesett eller komplett «nøkkel i døra og tannbørsten i koppen»-løsning.

Vi skaper hyttemodellar som er skreddarsydde, unike og eksklusive, men vi har òg rimelegare standardhytter som er stilreine og funksjonelle. Same kva de vel kvalitetssikrar HHH løysingane. Ta gjerne kontakt for ein uforpliktande og inspirerande prat. Sjå også nettsidene våre www.haukelihytter.no.





Familiebedrifta
 Haukeli hytter og hus blei etablert i Haukeli i Vest-Telemark på 1970-talet. Laft og stavlaft har sidan då vore kjernekompetansen vår, noko som gjer at bedrifta har opparbeidd seg solid fagkunnskap og erfaring innan lafteteknikken. Engasjement og interesse for den tradisjonsrike lafteteknikken inspirerer våre tilsette og gjer arbeidsdagen spennande og lærerik. Teamet vårt av kunnskapsrike, erfarne og jordnære tilsette vil alltid gjera sitt ytterste for å gje dykk akkurat det de er ute etter.

VELKOMEN TIL OSS!



Fv: Faglært tømrrar Lars Ole Hagen, tømrrarlærning Svein Ole Skogen, faglært tømrrar Aslak Kåsa, faglært tømrrar Arild Lunden, dagleg leiar og tømrrarmeister Knut Tore Apeland, tømrrarlærning Georg Romtveit, laftar og faglært tømrrar Borgar Vassbotten, laftar og tømrrar Jan Tore Romtveit, laftar og faglært tømrrar Rune Reinsviki. Framme: Markeds- og økonomiansvarleg Elin Vassbotten.

UNIKT SAMARBEID

Sylvsmed, kunstnar og idéskapar

Arnt Darrud har sans for detaljar og ein unik formsans. HHHs samarbeid med Darrud skaper bygg med individuelle, nytenkande og spennande design.

Bli inspirert!



Interiørarkitekt Eva Strøm Jørgensen

er ein meister til å setje saman individuelle og personlege løysingar.

Me rår dykk til å ta ein prat med ho for å få eit heilskapeleg interiør:

Bli inspirert!



Takk til **Skinnefellen** for lån av kunst, skinnprodukt og interiørartiklar:



Takk til **Eva Interiør Design Jørgensen** for styling og lån av interiørartiklar til foto.